

Agostinos historie



LIDA Italia

Billie Cejka Risnes

Espen Stranger-Johannessen

5

nyorsk



LIDA Stories


lidastories.net

Agostinos historie

LIDA Italia

Billie Cejka Risnes

Espen Stranger-Johannessen



This work is licensed under a Creative Commons Attribution 4.0 International License.
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0>



Eg heiter Agostino og eg er 51 år. Jobben min er å levere mat på sykkel. Eg har to døtrer, men vi snakkar nesten ikkje saman. Mora deira og eg bur ikkje lenger saman fordi vi er skilde.

Eg bur med mora mi sidan eg ikkje kan
betale husleiga etter skilsmisja. Husleiga
er veldig dyr i denne byen.






For nokre månader sidan jobba eg som vaktmeister for eit firma. Eg reparerte ting som var øydelagt, bar esker og hjelpte til når nokon trong det. Ein dag fekk eg sparken frå firmaet. Eg skjønnte ikkje kvifor.



Etter ei lang stund fekk det harde arbeidet vårt resultat. Eit stort bodfirma måtte betale ei stor bot og tilsette arbeidarar i faste stillingar. Det var første gong det skjedde nokon stad i verda. Det ser ut til at ting byrjar å bli betre.

Eg såg mange personar som leverte mat på sykkel. Eg kan òg sykle, så eg banka på døra til eit stort bodfirma. Dei tilbydde meg tre euro for kvar levering. Eg tæner 40€ om dagen, 60€ viss eg er veldig heldig og kundane gir meg tips.



Saman med sykkelbod frå andre firma tok eg eit kurs om rettane til arbeidstakarar hjå ei lokal fagforeining. Dei tilbydde oss gratis juridisk rådgiving. Vi kjempa for å få meir anerkjennning og rettar.





Eg får ingen betalt ferie, ingen sjukepengar, nesten ingen rettar i det heile. Eg trur ikkje det skal vere sånn, men eg treng ein jobb. Dei fleste andre tilsette er innvandrarar som kjem frå heile verda.



Mange sykkelbod blir skadde i ulykker dagleg. Så, då eit 25 år gammalt sykkelbod vart påkøyrd av ein bil og døydde, byrja myndigheitene å legge merke til oss. Det er synd at nokon måtte døye for at det skulle skje.